

Skulemusikken imponerte meir enn 80

26.10.2008



Konserten i Aktivitetshuset samla meir enn 100 når også dei 22 musikarane blir tekne med. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Meir enn 80 uskedelingsar tok i mot invitasjonen frå skulemusikken til huskonsert i Aktivitetshuset søndag ettermiddag.

Det må ein ta som eit døme på at bygda sluttar sterkt opp om korpset og set stor pris på det. Og publikum var godt fornøgd med det dei unge musikantane presterte på ein knapp halvtime.



Thor Inge Døssland (lengst til høgre) hadde mange rosande ord om dirigent Anders Christensen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Nokre tykkjer kanskje det er dristig å invitere til konsert med eit repertoar som er innøvd på dei to siste månadene og som er til dels svært krevjande. Men det var slett ikkje tilfelle, for musikantane tok utfordringa med bravur.



Anders Christensen har gjort ein god dirigentjobb på stutt tid. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje minst var det eigna til å imponera at to av stykka som vart spela gjerne blir brukt av vaksenkorps på toppnivå. Det var "Blåmann, blåmann" og "Opp i Otta" og særleg det siste var vellukka etter vår meining. Men også "St. Thomas" som vart spela i starten og slutten av konserten fylte storstova med vellyd og "I wish" låg ikkje langt etter på prestasjons-skalaen.

Konsert-leiar og eldsjel Thor Inge Døssland hadde alle med seg då han spesielt takka dirigent Anders Christensen. Han har på relativt stutt tid gjort ein storjobb med korpset. Ikkje minst har han vore flink til å plukka fram musikk som passar og som også er noko å strekkja seg på.

Men Thor Inge gløymde heller ikkje dei mange gode hjelparane som er flinke til å støtta opp om korpset. Ein annan korpsentusiast i kommunen har streka under kor heldige dei foreldra er som har ungar i korps, både fordi ungane lærer mykje som blir ein ballast i livet og fordi også foreldra får så mykje verdfullt igjen. Det er så sant som det er sagt.

Og konsertarrangement som det i går er ikkje berre med og knyter enda sterkare band til lokalsamfunnet. Slik det var lagt opp hadde det også ein viktig sosial funksjon. For etter det musikalske vart det lokka med eit overdådig kake- og dessertbord, rett og slett ein forsmak på jula!

Arrangementet var dessutan eit uvanleg og flott punktum for eit seminar der Marius L. Torjusen og Vibeke Fredheim var instruktørar ved sidan av dirigenten.

Av Ola Matti Mathisen